



Vår dato:

01.07.2022

Vår ref:

2022/8650

Dykkar dato:

Dykkar ref:


Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 418/19 - Villanger - riving og gjennoppbygging hytte - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.06.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon og løyve til riving av eksisterande 2. etasje og behalde grunnmur, samt oppføring av ny 2. etasje i form av påbygg. Det er søkt om utviding av bruksarealet med ca. 15 m² på eksisterande grunnmur der det skal etablerast toalett og dusj. I tillegg er det søkt om uteaeral på 22 m² med tak over.

Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen for tidlegare Radøy kommune, og frå byggje forbodet i strandsona jf. plan og bygningslova (tbl.) § 1-8.





Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispenseset frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

Fritidsbustaden ligg eit stykke frå sjøen, men ny fritidsbustad vil både vere høgare og ha eit større fotavtrykk. Fritidsbustaden vil få eit meir dominerande utsyn på den fasaden som vil vere synleg frå sjøen. Ein større og meir moderne hytte kan også opplevast meir privatiserande. Vi ber kommunen vurdere om det er grunnlag for dispensasjon frå både LNF-formålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet. Kommunen må legge vekt på landskapsverknad og auka privatisering av strandsona. Kommunen må også vurdere i kva grad ein dispensasjon i denne saka kan få for liknande saker i kommunen, og om dette kan føre til ei bit for bit utbygging av strandsona i kommunen.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering

Med helsing

Gunn Tove Nyheim
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN